

Inviterer til oppstartmøte om reguleringsplan - Aktivitetshuset.

10.09.2020



Bilete er frå folkemøte september 2019. Konsulentfirma Lala Tøyen har planprosessen.

Planane for utviding og påbygg av eksisterande aktivitetshus går på fram, sjølv om dei har vore i ein liten stopp i samband med Corona. Prosjektgruppa har difor i samband med oppstart av reguleringsplan ønskje om å invitere alle interesserte partar, naboar, lag og organisasjonar i bygda og kommunen elles til ein informasjonsstand onsdag 23.september frå kl. 19.00-21.00.

Dette vert eit Corona-vennleg møte, der prosjektgruppa riggar seg til med ein stand/utstilling i eksisterande aktivitetshus, og interesserte kan koma og studera og få informasjon om teikningar og arealplanar. Vi vil då syta for at det ikkje vert for mange folk inne, men samstundes sjå til at alle skal få koma og sjå planane, og eventuelt gje kommentarar og innspel til desse.

Vi ønskjer og at interesserte kan få koma med innspel til kva bygget kan fyllast med. Her er det ønskjeleg at både born, ungdom, vaksne og pensjonistar kjem med sine tankar.

Velkommen!

Tekst: Odd Steinar Arnesen

Foto/nett: Kristian Bringedal